

Norah Hjønnevåg (12 år) tok service på politibilen ved Gamleskulen.

09.06.2020



Politibilen er tilbake på sin faste plass på plenen ved Gamleskulen.

Politibilen på plenen ved Gamleskulen kom i dag tilbake på sin faste plass. Leikebilen har vore på service, etter ein EU kontroll for 3 veker sidan. Det er Norah Hjønnevåg, 12 år, som har brukt av si fritid til oppussing av leikebilen. Det har ho gjort ved å måla heile bilen, i ein dekor og farge som stemmer med dei nyaste politibilane i landet.

Det er Uskedal Utvikling som for vel 10 år sidan fekk tilskot til kjøp og montering på grøntarealet i sentrum. Politibilen har stort sett fått vore i fred utan for mykje hærverk. Men for nokre år sidan kom bilen på avvengar og enda ut i trafikken.

Bilen vart montert på nytt og etter det har den populære leikebilen vore til nytte og stor glede både for born i bygda og for yngre tilreisande gjester.

Egil og Ove Magne Myhre sytte for transport og montering i dag, etter verkstadopphold hos Norah Hjønnevåg.

Tekst/foto/nett Kristian Bringedal